

Retningslinjer for gjødselvarer mv. organisk material i Luster kommune

Luster kommune har ei lokal forskrift for frist av spreieing av gjødselvarer av organisk opphav. Føremålet med forskrifta er å fastsetja ein eigen frist for spreieing av husdyrgjødsel tilpassa dei lokale tilhøva i kommunen. I forskrifta si § 3 står det at spreieing utan nedmolding/nedfelling på eng og anna mark bør gjerast så tidleg i vekstsesongen at det gjev næring til gjenvekst som kan haustast, og seinast innan 20 september. I særskilte tilfelle kan kommunen gje dispensasjon til 1 oktober, men ikkje seinare. Dersom ein spreier med nedmolding/nedfelling så er fristen for dette 1. november. Ein har uavhengig av med eller utan nedfelling ikkje lov til å spreie gjødsel på snødekt eller frosen mark.

Alle søknadar om utsett spreiefrist ved gjødsling utan nedmolding/nedfelling vert vurdert ut i frå:

- Gjødselplan
- Mengde
- Spreietidspunkt
- Avstand til vassdrag
- Klimatiske høve
- Nærleik til drikkevasskjelder
- Særleg god grunn
- Tilstand på drenerande vasslokaltet


Kommunen har ikkje heimel til å gje utsett frist for gjødselspreieing i område kor elvar og bekkar har dårleg vasskvalitet, eller står i fare for å få dårlegare vasskvalitet. Der ein ikkje klarer å nå god vasskvalitet, skal kommunen stille meir restriktive krav til bruk av husdyrgjødsel. I Luster kommune per 15.03.2021 gjeld dette desse vassdraga:

Vann-Nett ID	Lokalitetsnamn
076-137-R	Elv frå Myklemyr, Jostedal
076-153-R	Skjersgrovi, Gaupne
076-95-R	Bekkefelt Dalselvi, Indre Hafslo
077-122-R	Skjervelvi – Hagagrovi, Hafslo

Andre lokalitetar kan kome på lista fortløypande, då det kontinuerleg vert tatt vassprøvar i Luster Kommune. Kart over lokalitetane kan ein finne på Vann-nett.

Då drift i strid med regelverket for jordbruksverksemdar kan føre til avkorting, tilbakehalding, og innkrevjing av produksjonstilskot så ynskjer Luster kommune å informere om at frå og med hausten 2021 kjem ein til å arbeide med endring av den lokale forskrifta, og føringar frå sentralt hald tydar på at spreiefristen vil verta korta ned, mogleg for heile kommunen.


Elv frå Myklemyr, Jostedal, Vannnett ID:076-137-R



Skjersgrovi, Gaupne, VannNett ID: 076-153-R



Bekkefelt Dalselvi, Indre Hafslo, VannNett ID: 076-95-R



Skjervelvi-Hagagrovi, Hafslø, Vannnett ID: 077-122-R

